



Kjære medlem i NFPM.

Nedenes mars 2018

Årets første medlemsbrev er nå på plass.

Aktiviteten i NFPM er høg. Dette er det me jobbar mest med:

Høyringar

Me er høyringsinstans til Legeforeninga for NOUen «På liv og død». Frist 15.04.18. Styret tek gjerne imot innspel frå medlemmene. [Link til NOUen «På liv og død»](#)

Me er og høyringsinstans til Rådet for legeetikk om etiske problem knytta til faget palliativ medisin. Me jobbar ut i frå fylgjande forespørsel:

Rådet for legeetikk vil på denne bakgrunn be om at dere kartlegger de viktigste etiske utfordringene innen deres fag, og gir tilbakemelding til Rådet for legeetikk på:

- 1) etiske dilemmaer som er spesielt hyppig forekommende i faget,*
- 2) etiske dilemmaer i faget som dere anser for spesielt viktige eller uavklarte, og*
- 3) etiske dilemmaer i faget som trolig kommer til å bli mer aktuelle på grunn av utvikling i medisinsk kunnskap, teknologi og helsetjeneste.*

Frist 01.04.18. Styret tek gjerne imot innspel frå medlemmene.

Koding av palliative tenester i regi av palliative senter

Frå 2018 er koding for behandling i regi av palliative senter endra ([sjå link](#)) Styret arbeider med å få etablert ei kodegruppe med representantar frå alle dei fire helseforetaka. Den gamle kodegruppa vil då bli utvida med nye medlemmer (sjå [heimesida vår](#) for oppdatering). Kodegruppa vil arbeide med informasjon om kodepraksis, og halde fram med å jobbe opp mot Helsedirektoratet.

Røroskurs 2019 for legar som arbeider med palliasjon

Det vert planlagd nytt «Røroskurs» våren 2019.

Erfaringane og attendemeldingane frå kurset i 2017 var udelt positive. Me jobbar derfor igjen etter målsettinga å skape eit fagleg og sosialt utbytterikt læremiljø for både etablerte og ferske legar i palliativ medisin.

Landskonferansen i palliasjon 2018Arbeidet med [Landskonferansen i palliasjon 2018 i Bodø](#) er i rute, og påmeldinga til konferansen er overveldande etter så kort

tid. Det er nå berre ca.100 plasser att av totalt 550. Frist for innsending av abstract er 1. april 2018. Sjå link: <http://landskonferansenipalliasjon.no/>

Coursebuilder

Coursebuilder er ein nettbasert undervisningsplattform på Legeforeninga sine heimesider som NFPM abonnerer på for å kunne gjere undervisningsmodular i palliative medisin tilgjengeleg for utdanningskandidatar i Kompetanseområde palliativ medisin og andre interesserte (sjå link:

<http://legeforeningen.no/spesial/Norsk-forening-for-palliativ-medisin/>).

NFPM arbeider for tida med å oppdatere desse modulane. Følg med på heimesida vår for oppdatering.

Gjennomgang av spørreundersøkinga til medlemmene

Vert jobba med.

Dersom du ikkje får opna linkane i dette dokumentet så kan det ha med lokal brannmur å gjera, særleg dersom du er på jobb. Send då e-posten vidare til ei privat e-postadresse/datamaskin og det går greitt.

Nyttige linkar

Dette medlemsbrevet er også ein oversikt/oppsamling av nyttige linkar.

Har du innspel til sakene eller linkar/nettstader/artiklar du finn særleg gode/interessante så er det fint om du gir attendemelding om det.

Overrekking av NOUen var ei svært viktig avslutting av (palliasjons)-året 2017. Det er også viktig å lesa kronikken frå NFPM og NPF i Vårt Land:

[Link til NOUen «På liv og død»](#) [Kronikken i Vårt land: link](#)

Som medlem i NFPM er du også kollektivmedlem i EAPC (The European Association for Palliative Care) med dei fordelane det medfører. Dersom du ikkje har registrert deg i EAPC så er det svært enkelt. Link til framgangsmåte er vedlagd.

[Medlemsfordelar](#) [Link til EAPC](#). [Registrer deg som kollektivt medlem i EAPC](#)

[Heimesida NFPM](#)

[Barn som pårørende: Link](#)

[Pårønderettleiar Helsedirektoratet 2017](#)

Oversikt over kompetansesentra:

Kompetansesenter i Lindrande Behandling Bergen

Kurs, seminar, fagdagar og konferansar

Palliasjon Verktøy for helsepersonell:

Kompetansesenter i lindrende behandling Midt-Norge

Undervisning:

Praktisk Palliasjon:

Palliative Tilbud og nettverk:

Regional kompetansetjeneste for lindrende behandling (Lindring i nord)

Praktisk Palliasjon:

Håndbok i Lindrende Behandling:

Kurs Konferanser og Utdanning:

Sentrale dokumenter og aktuelle Linker:

Regional kompetansetjeneste for lindrende behandling (KLB):

Foredrag fra kurset "Kreft i allmennpraksis- fra forebygging til palliasjon"

Praktisk Palliasjon:

Nytt frå palliatv forskning:

Med ønske om god påske frå styret i NFPM

Endre Røynstrand

Medlemsansvarleg

kasserer.nfpm@gmail.com

Anne-Tove Brenne

Leiar

annetove.brenne@gmail.com